

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Rogaland
2020/2021



Skulen skal stimulera elevane
i personleg utvikling og styrking
av eigen identitet.

Kunstoppleving og kulturforståing
gir grunnlag for betre å takla
siger og nederlag, og med det
styrke til å ta eigne val.



VIDAREGÅANDE

Dei vidaregåande skulane får presentert ein
kulturmeny som dei sjølv kan velja frå.

*Meir informasjon om produksjonane finn du på
www.skolesekken-rogaland.no*

Frist for påmelding 30. april.

BARE EN VÅT MUNN

Med utgangspunkt i eit tjuetals rå og ærlege intervju med kvinner i ulike aldrar og med ulike bakgrunnar, har *Bare en våt munn* blitt til. Dette er ei dokumentarisk teaterframsyning der scenekunstduoen Lindeberg/Nilsen undersøker den vestlege kulturens idear om å vera kvinneleg og kva som er kvinneleg identitet. I framsyninga drar dei klisjeane ut i det ekstreme.

Skodespelarane spør kva som finst bak vår eiga scenesetting av oss sjølve. Kva ligg i dei historiene me aldri fortel? Historiene om seksualitet, kropp, skam og maktspel. Framsyinga blir ramma inn av sjølvbiografiske tekstar, kjønnssymbolikk og populærkulturelle klisjear.

“Dette var sjukt sterkt. Er det sant at det er ekte intervju?”
(elev i videregående skule)

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Madleine Nilsen
og Katja Brita Lindeberg

Produsent:

Madleine Nilsen
og Katja Brita Lindeberg

Tidspunkt:

Vår 2021

Stad:

Kulturhus

Publikum per framsyning:

150

Framsyningar per dag:

2

Varer:

65 minutt

Foto: Elizabet Jakobsen





HARD ER MITT LANDS LOV

Kven var dei norrøne menneska som budde på Grønland?
Korleis levde dei og kvifor forsvann dei?

Den islandske sagalitteraturen er kanskje Nordens største bidrag til verds litteraturen. Korleis går ein til verks når ein skriv skjønnlitterære tekstar med handling frå tidlegare tider? Kva er dei største utfordringane og korleis finn ein inspirasjon?

Desse spørsmåla vil Tore Kvæven freiste å svare på. Han les også utdrag frå romanen «Når landet mørknar» som vann Brageprisen i 2018. Gjennom ord og biletetek han lyttarane med tilbake omlag 1000 år i vår eiga historie.

For meir informasjon, sjå her

Medverkande:
Tore Kvæven

Publikum per formidling:
150

Produsent:
DKS Rogaland

Formidlingar per dag:
2

Tidspunkt:
Haust 20 / vår 21

Varer:
45 minutt

Stad:
På skulen

KUNSTEN Å VÆRE SYNDIG

I dokumentarfilmen "Kunsten å være syndig" følger me kunstnaren Ahmed Umar heim til Sudan. Når Ahmed vel å stå fram som homofil startar han ein mediestorm. Ahmed bur trygt i Noreg men vel å reisa tilbake til Sudan på besøk der det er dødsstraff for seksuelle handlingar mellom personar av same kjønn.

Filmregissør Ibrahim Mursal er og frå Sudan, men har ein meir konservativ bakgrunn. Han bestemmer seg for å starta ein samtale med Ahmed for å forstå meir. Kvifor er Ahmed homofil, og kvifor vel han å stå fram offentleg som homofil sudanar?

Ibrahim følgjer også Ahmed i prosjektet hans med å laga ein bunad til sin norske statsborgarseremoni. Bunaden skal ha element både frå norsk og sudansk kultur.

Ahmed og Ibrahim møter fleire homofile som lever i skjul. Dei møter til slutt Ahmeds mamma som skammer seg over at sonen er homofil. Klarer ho å opna hjarta sitt og sjå Ahmed som den han er?

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Ahmed Umar og Ibrahim Mursal

Produsent:

Skagerak film

Tidspunkt:

Vår 2021

Stad:

Kino eller på skulen

Publikum per formidling:

300

Formidlingar per dag:

2

Varer:

120 minutt



Foto: Ahmed Umar



ROGADANS

I Rogadans får elevane oppleva og sjølv vera med på folkedans og folkemusikk frå Rogaland og resten av Noreg. Det heile startar med at fire av dei fremste musikarane og dansarane innan sjangeren gjer ei forrykande danseoppvising på ti minutt.

Etter oppvisinga tar dei elevane med inn i dansen, og dei får læra seg dei grunnleggjande stega i halling, suldal-springar og reinlender.

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Anita Langødegård, Jon Bugge Rasmussen, Olav Christer Rossebø, Erik Sollid

Produsent:

DKS-Rogaland i samarbeid med Ryfylkemuseet

Tidspunkt:

Desember 2020

Stad:

På skulen, gymsal eller liknande

Publikum per framsyning:

50

Framsyningar per dag:

2 eller 3

Varer:

90 minutt

MOT STJERNENE

Kva er det mest dyrebare ungdommen har? Er det framtida?

Framtida er ein open arena for draumar og kritiske idear, for sjølvrealisering og samfunnssendring, for det uhøyrt og det som ikkje vert sagt. Er dei unge i dag ein ny kosmopolitisk mennesketype eller ein marginalisert generasjon av avmektige?

Klimakrise, flyktningkrise og populisme pregar Europa. Har me mot til å stå for verdiar som ytringsfridom, solidaritet og gjestfridom når det skal omsetta til praktisk politikk?

Kan me leike oss fram til fred? Dataspel er designa for å fylla menneskelege behov som den verkelege verda er ute av stand til å gje. Kva ville hende om me brukte alt me veit om speldesign til å fiksa det som er gale med den verkelege verda?

Carsten Jensen (f. 1952) er ein av Danmarks mest kjende forfattarar og fekk i år Palmeprisen for sitt engasjement for forfølgde og undertrykte. Jensen har vore ei kritisk stemme i det danske ordskiftet i ei årrekke og har teke til orde mot det aukande framandhatet i det elles så liberale Danmark.

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Carsten Jensen

Produsent:

DKS Rogaland

Tidspunkt:

Vår 2021

Stad:

På skulen

Publikum per formidling:


300

Formidlingar:

2

Varer:

45 minutt





DEN NORSKE SLAVEHANDELEN

Me les om slavehandelen og tenker at det var slikt dei dreiv med i USA i gamle dagar. At det var nordmenn som deltok, både på skipa, på slaveforta i Afrika og i koloniane på andre sida av havet er kanskje ukjent for mange. Dei jobba som matrosar og styrmann, guvernørar og dommarar, og fleire hundre tusen afrikanarar blei frakta over havet med dansk-norske skip. Anders Totland snakkar om denne mørke og lite kjende sida av norsk historie. Samstundes dreg han linjene opp til vår tid og utfordrar elevane på om det framleis fins slavehandel. FN sin arbeidsorganisasjon ILO har rekna ut at det er meir enn 40 millionar menneske i verda i dag som er offer for moderne slaveri. Er dette noko me som nordmenn må forhalda oss til i dag?

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Anders Totland

Tidspunkt:

Vår 2021

Stad:

På skulen, i klasserom
og auditorium.

Publikum per formidling:

30 stk

Formidlingar per dag:

3

Varer:

45 minutt

MISS TATI

Miss Tati kom til Bergen saman med mor og lilleøster i 1996, bare ti år gammal. Oppveksten i Portugal, med angolanske røter, hadde allerede gitt henne ein solid musikalsk ballast.

Hennar unike miks av soul, hip hop og RnB har gitt Miss Tati merksemld langt utanfor Noregs grenser, men positiv omtale i t.d. i The Guardian, i-D, Nylon, Essence og Timeout London.

Ho er kjend for å laga energiske konsertar der ho legg vekt på å involvera publikum ved å få dei til å danse. Sjølve dynamikken og oppbygginga av konserten er gjennomtenkt for å få elevane til å bevege seg og uttrykka seg med musikk og dans.

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Miss Tati med band

Konsertar per dag:

2

Tidspunkt:

Haust 2020 / vår 2021

Varer:

45 minutt

Stad:

Gymsal/aula

Publikum per konsert:

200





AS A TIGER IN THE JUNGLE

Ei forestilling av Cirkus Xanti om to nepalske sirkusartistar, Reno og Aman, som vart selde av menneskehandlarar til tradisjonelle indiske sirkus som små barn. Dei vart frigjorte då dei var 14 år gamle etter ti år i fangenskap som barneslavar. To av dei tre aktørene som er med i produksjonen er dei frigjorte barneslavane framsyninga handlar om.

Framsyninga er laga av Sverre Waage, som brukte mange år til å bli kjent med Renu og Aman og deira historie. Det tok lang tid før dei ville snakka om det, og ikkje minst fortelja om det til andre.

Musikken er komponert og spelt inn av Per Zanussi, med Sanskriti Shrestha (Nepal/Norge) og Halpreet Bansal (Norge/India).

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:
Aman Tamang, Renu Ghalan og
Loan TP Hoang (Norge/Vietnam)

Tidspunkt:
Haust 2020 / vår 2021

Stad:
Kulturhus

Publikum per framsyning:
350

Framsyningar per dag:
2

Varer:
60 minutt



Maleri: Lars Hertervig, «Marine» 1867

ROMANTIKKEN I BILDEKUNSTEN

Stavanger kunstmuseum ynskjer elever frå den vidaregåande skulen velkomne til ei nitti minutt lang økt der me set fokus på eit utval verk frå romantikken. Kva var utgangspunktet for romantikken som periode? Korleis kan me lesa verk av til dømes Hans Gude og Lars Hertervig som eksemplar på romantikken? Kan me sjå romantiske tendensar i samtidskunsten?

Me søker svar på desse spørsmåla med føredrag, omvising i samlingsutstilling og dialog med elevane.

For meir informasjon, [sjå her](#)

Produsent:
Stavanger Kunstmuseum

Deltakarar per formidling:
30

Tidspunkt:
Haust 2020 / vår 2021

Varer:
90 minutt

Stad:
Stavanger Kunstmuseum

PEER GYNT. TEGNESERIEROMAN

Medverkande:

Geir Moen

Produsent:

Geir Moen og

Pilotgalleriet i Akershus

Tidspunkt:

Haust 2020 / vår 2021

Stad:

På skulen

Deltakarar per formidling:

30 - 200

Formidlingar per dag:

3

Varer:

50 minutt

Er det nokon som er nysgjerrige på historia om Peer Gynt? Geir Moen vil i løpet av 45-50 minutt snakke om korleis ein teikneserieskapar formidlar historier i biletet, og om Henrik Ibsens liv og korleis han skreiv *Peer Gynt*. Moen går gjennom heile historia om Peer Gynt mens han viser illustrasjonar frå teikneserieromanen. Denne har han laga saman med den amerikanske dramatikaren David Maiowitz.

Det kan være nyttig for elevane å ha kjennskap til Peer Gynt før foredraget, men foredraget kan også fungere fint som ein introduksjon til litteraturhistoria eller til lesing av stykket.

For meir informasjon, [sjå her](#)





Foto: Janneik Abel

DNA? AND?

Musikkverkstad for tilrettelagte grupper

DNA? AND? er eit musikalsk improvisasjonsprosjekt for unge med særskilde behov.

Korleis kan ein la dei unge laga eigen musikk på eigne premissar, utan å tvinga dei inn i det me vanlegvis har som musikalske referansar? I staden for å prøva å læra dei å spela skulerett, tar me utgangspunkt i det dei gjer og er med på å improvisera fram noko ut frå det. Elevane får høve til å kommunisera med musikk, stemme, ansikt og rørsler. Utøvarane har erfaring innan musikk, formgjeving og spesialpedagogikk.

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:
Harald Fetveit, Stina Moltu
og Bjarne Larsen

Produsent:
Harald Fetveit

Tidspunkt:
Haust 2020 / vår 2021

Stad:
På skulen

Deltakarar per verkstad:
4 – 8, avhengig av
funksjonsnivå

Verkstader per dag:
1

Varer:
1 – 2 dagar

SMED FOR EIN DAG

Smed for ein dag er formidlingsopplegg tufta på solide kunnskapar i tradisjonshandverk. For hundre år sidan var det smie på dei fleste gardar og alle bygder hadde ein eller fleire smedar.

Elevane får ei kort innføring i smedfaget, og får samstundes kjennskap til både handverk og historie. Deretter jobbar elevane parvis ved feltessene. Her får dei prøva seg på oppfyring, manuell innblåsing av luft, og bruk av ulike typar verktøy. Alle elevane får smi si eiga eldrake, og dei tileignar seg materialkunnskap om smijern.

Terje Granås er opphaveleg faglærar i forming, og tok seinare sveineprøve som smed. I dag arbeider han med dette på heiltid, og har over 20 års fartstid i faget.

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Terje Granås

Tidspunkt:

Haust 2020 / vår 2021

Stad:

På skulen, utan dørs

Deltakarar per formidling:

16

Formidlingar per dag:

2

Varer:

150 minutt





Medverkande:
Helga Myhr, Katrine Schiøtt,
Amund Sjølie Sveen
Produsent:
Amund Sjølie og BIT Teatergarasjen
Tidspunkt:
Haust 2020 / vår 2021

Stad:
Kulturhus i nærleiken av skulen
Publikum per framsyning:
Maksimalt 300

Framsyningar per dag:
2
Varer:
60 minutt

MELTING

Veit du kor mange gonger du kan fly til Thailand før jorda går under?
Eller kor mykje CO₂ det kostar å laga ei teaterforestilling?

Melting er tre ting på ei gong: føredrag, konsert og teater. *Melting* er politisk analyse, musikk framført på vinglas og ein enorm roterande installasjon som fyller scenen og gir assosiasjonar til verdsrommet. Det handlar både om det store systemet og det vesle mennesket.

- Kva skjer når isen smeltar? Når økonomien smeltar?
- Kva skjer når samfunn, velferdsstat, fellesskap, offentleg kunstfinansiering og framtidsutsiktene våre smeltar?

Melting er eit samarbeid mellom Amund Sjølie Sveen, installasjonskunstnar Lawrence Malstaf og musikarane i Slagr.

For meir informasjon, sjå her

THE BIGGEST LITTLE FARM

Filmen handlar om den åtte år lange reisa til John og Molly Chester der dei byter ut storbyliv mot gardsliv på bygda i California, USA. Dei drøymer om å produsera mat i harmoni med naturen.

Korleis spelar ein på lag med naturen når det finst prærieulvar som vil ha hønene dine til middag? Kva med alle krypdyra som et opp frukta? Og den verste trusselen av alle, klimaendringer som skaper øydeleggjande flaumar og brennande skogar.

Filmen er ei sterk skildring av korleis dei får til å leva i pakt med naturen. Formidlinga består av vising av filmen og ein kort samtale etterpå.

For meir informasjon, [sjå her](#)

Medverkande:

Dag Jørund Lønning

Tidspunkt:

Vår 2021

Stad:

På skulane

Deltakarar per formidling:

300

Formidlingar per dag:

2

Varer:

120 minutt

the Biggest little Farm



KONTAKTINFORMASJON

Gudrun Karina Arntsen

Produsent film, litteratur
e: gudrun.karina.arntsen@rogfk.no
tlf: 51 51 68 52

Gine Heien

Produsent musikk, scenekunst
e: gine.heien@rogfk.no
tlf: 51 92 24 54

Elin Hetland

Produsent kulturarv, turnékonsulent
e: elin.hetland@rogfk.no
tlf: 51 51 68 79

Anne Kristin Høiland

Produsent visuell kunst, turnékonsulent
e: anne.kristin.hoiland@rogfk.no
tlf: 51 51 68 64

Kurt Lisø

Produsent musikk, scenekunst, UKM-kontakt
e: kurt.liso@rogfk.no
tlf: 51 51 68 61

Den kulturelle skulesekken

Rogaland fylkeskommune, kulturvdelinga
Postboks 130, 4001 Stavanger
Tlf: 51 51 68 70
www.skolesekken-rogaland.no

Egil Ovesen

Produsent musikk, scenekunst
e: egil.ovesen@rogfk.no
tlf: 51 51 68 86

Johs Ringaas

Kontakt videregående skular
e: johannes.ringaas@rogfk.no
tlf: 51 51 67 72

Anne-Kristin Sæther


Fagkoordinator
e: anne-kristin.saether@rogfk.no
tlf: 51 51 68 27

Nina Martinus

Kontakt videregående skular
e: nina.martinus@rogfk.no
tlf: 51516719



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



Den kulturelle
skulesekken
Rogaland

